



KOPI

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1474 - 18/19051

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
14.06.2018

Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg - - gbnr 142/18

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 142/18
Tiltakshavar: Kai-Olav Kvamme
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 306/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for 1 bustadeining datert 27/4-18.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype for 1 bustadeining. Avkøyrsla skal vere betra i samband med bygging av ny veg og VA-anlegg under reguleringsplan Storhaugane.

Vurdering/drøfting:

Den kommunale vegen, Erstadvegen er i god stand etter omlegging. Sikta i krysset det vert søkt utvida avkøyringsløype for er og betra.

Samandrag/konklusjon:

Det kan gis løyve til utvida bruk for 1 bustadeining.



Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av «fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Avkjørsle mot Erstadvegen må vere opparbeida i samsvar med «reguleringsplan Storhaugane».

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kai-Olav Kvamme
Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Mottakarar:
Kai-Olav Kvamme

Skarsvegen 289 5911

ALVERSUND

KOPPI